



## Revisjonsrapport

2012.011.R.KLIF

Wergeland Halsvik AS  
Gulafjordvegen 75  
5960 Gulen

### Revisjon ved Wergeland Halsvik AS

Dato for revisjonen: 4. – 8. juni 2012

Rapportnummer: 2012.011.R.Klif

Saksnr.: 2011/592

#### Kontaktpersoner ved kontrollen:

Frå verksemda:  
Arve Hatlevik  
Rune Måren

Frå Klima- og forureiningsdirektoratet:  
Arnstein Flatlandsmo  
Hilde Sundt Skålevåg  
Thor Jostein Dahlstrøm

#### Resultat frå revisjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknadar som vart presentert hjå Wergeland Halsvik AS under sluttmøtet for revisjonen 8. juni 2012.

Klima- og forureiningsdirektoratet avdekkja 8 avvik.

- 1. Verksemda sin utsleppskontroll til vatn og luft er svært mangelfull**
- 2. Verksemda sitt måleprogram er svært mangelfullt**
- 3. Forbrenningsanlegget vert drive utan at alle krav til forbrenningsbetingelsar er oppfylt**
- 4. Verksemda slepp ut farleg avfall frå vaskehall utan reinsing**
- 5. Verksemda si lagring av farleg avfall er mangelfull**
- 6. Verksemda si miljørisikoanalyse er mangelfull**
- 7. Førebyggjande vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr er ikkje dokumentert i ein vedlikehaldsplan eller på annan måte i verksemda sin internkontroll**
- 8. Verksemda sin internkontroll er mangelfull**

og 1 merknad under revisjonen:

- 1. Verksemda si rapportering til Klif kan forbedrast**

Klima- og forureiningsdirektoratet ser alvorlig på avvik 1 og 2. Verksemda ikkje har oversikt over dei krav som er stilt når det gjeld utsléppskontroll frå forbrenningsanlegg. Grunna svært mangelfulle målingar, er det uråd å sei om verksemda sine utslépp ligg innanfor dei grensene som er sett i løyvet og forskrifter.

Avvika og merknaden er nærare skildra frå side 4 og utover i rapporten.

Wergeland Halsvik AS må innan 15. oktober 2012 senda Klif dokumentasjon på at avvika er retta. Oppfylginga etter revisjonen er nærare skildra på side 3.

27. juni 2012

### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Einar Knutsen  
seksjonssjef

Arnstein Flatlandsmo  
senioringeniør

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Organisasjonsnr (undereining):</b> 973406280	<b>Eigd av:</b> 936482104
<b>Besøksadresse:</b> Gulafjordvegen 75, 5960 Gulen	<b>Telefon:</b> 22 57 34 00
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 39.000 - Miljørydding, miljørensing og liknande verksemd	<b>E-post:</b> e-mail@wergeland-halsvik.no

## Kontrollert anlegg

<b>Navn:</b> Wergeland Halsvik AS	<b>Anleggsnr:</b> 1411.004.01
<b>Kommune:</b> Gulen	<b>Anleggsaktivitet:</b> Behandlingsanlegg for farleg avfall
<b>Fylke:</b> Sogn og Fjordane	Risikoklasse 1
<b>Løyve fyrst gjeve:</b> 3. mai 1994	<b>Løyve sist oppdatert:</b> 6. mai 2010

## 2. Revisjonen sitt omfang

Føremålet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet fungerer tilfredsstillende. Klima og forureiningsdirektoratet har mellom anna undersøkt:

- Verksemda sitt system for internkontroll er føremålstenleg og dekkande
- aktivitetar vert utført som skildra og uttalt
- verksemda når sine mål og driv innanfor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Revisjonen vart gjennomført ved

- å granska dokument
- å intervjuar sentralt plasserte personar i organisasjonen
- å verifisera (ved stikkprøvekontroll) at rutinar, prosedyrar og instruksar vert fylgt opp i praksis

### Revisjonens tema:

- internkontroll
- risikovurdering
- utsleppskontroll
- farleg avfall
- løyve
- vedlikehald
- tankanlegg

Denne rapporten omhandlar avvik og merknadar som vart avdekka under revisjonen og gjev ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

### Definisjon

**Avvik:** Brot på krav fastsett i eller i medhald av lov.

**Merknad:** Et høve som tilsynsetatane meiner er nødvendig å påpeika for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 3. Oppfølging etter revisjonen

Wergeland Halsvik AS pliktar snarast å retta opp dei avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Klima- og forureiningsdirektoratet skal kunna avslutta saka, må Wergeland Halsvik AS innan 15. oktober 2012 senda dokumentasjon som syner at avvika er retta.

Me ser alvorleg på avvik 1 og 2 som vart avdekka i denne revisjonen. Gjennomføringa av tiltaka vil derfor verta fylgt opp ved ny kontroll utanom ordinær kontrollfrekvens.

Me ber om at de stiler svarbrev eller e-post ([postmottak@klif.no](mailto:postmottak@klif.no)) til Klima- og forureiningsdirektoratet v/Arnstein Flatlandsmo.

## 4. Varsel om tvangsmulkt

Klima- og forureiningsdirektoratet varslar med dette at me vil fatta vedtak om tvangsmulkt, *jf. forureiningslova § 73*, dersom me ikkje har motteke skriftlig dokumentasjon på at avvika er retta innan 15. oktober 2012. Tvangsmulkt vil koma til dersom me ikkje har motteke dokumentasjon på at avvika er retta innan 2 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vera på kr 1 000 000.

De har høve til å kommentera dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Klima- og forureiningsdirektoratet innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

## **5. Gebyr for revisjonen**

Wergeland Halsvik AS er ved denne revisjonen plassert i gebyrsats 2 (jf. varselbrev frå Klif datert 15. februar 2012). Dette inneber at de skal betala kr. 135 100 i gebyr for den gjennomførte revisjonen. Faktura vert ettersendt.

Vedtaket om gebyr er heimla i forureiningsforskrifta § 39-8 om gebyr for revisjon (fleirdagstilsyn). Storleiken på gebyret kan eventuelt klagast inn til Miljøverndepartementet (jf. forvaltningslova § 28). Klagefristen er tre veker frå 12. juni 2012. Klaga bør vera skriftleg, grunngjeven, og skal sendes via Klima- og forureiningsdirektoratet.

Klima- og forureiningsdirektoratet syner forøvrig til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

## **6. Offentlegheit i forvaltninga**

Denne rapporten vil vera tilgjengeleg for offentlegheita via Klima- og forureiningsdirektoratet sin postjournal på [www.klif.no](http://www.klif.no) (jf. offentleglova).

Kopi av rapporten vert også sendt til:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved miljøvernavingdelinga
- Gulen kommune

## 7. Avvik

### Avvik 1

#### Verksemda sin utsleppskontroll til vatn og luft er svært mangelfull

**Avvik frå:** Tillatelse til virksomhet etter forurensningsloven for Wergeland Halsvik AS (løyve), datert 6. mai 2010 punkt 6 utslipp til luft og forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 10, *Forbrenning av avfall* § 10-20 *Prosessovervåkning og -kontroll*, §10-21 *Målinger av utslipp til luft*, og §10-24 *Målinger av utslipp til vann*.

#### **Kommentar:**

Verksemda skal gjennomføra målingar av mellom anna utslepp til luft og vatn. Målingar omfattar prøvetaking, analyse og/eller berekning, og skal utførast slik at dei vert representative for verksemda sine faktiske utslepp. Dei skal omfatta:

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdiar
- andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikta

#### *Prosessovervåking*

Forbrenningsanlegg skal vera utstyrt med måleutstyr som overvakar dei drifts- og kontrollparameterar som er relevante i samband med forbrenningsprosessen. Det skal minst utførast målingar i samsvar med kapittel 10 § 10-20 i avfallsforskrifta.

Verksemda veg ikkje mengda avfall som vert mata inn forbrenningsovnene slik forskrifta krev. I staden tel ein antal lass som vert mata inn i ovnen. Det er berre to kontrollmålingar frå 2009 som ligg til grunn for berekning av snittvekta. Dette er ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon på at høvet mellom vekt og lass er fullstendig stabilt.

Verksemda manglar kontinuerlege målingar av trykk og vassdampinnhald i røygassen, og kontinuerleg måling av vassmengd etter reinsing av røygass.

#### *Målingar av utslepp til luft*

Det skal utførast kontinuerlege målingar av totalt støv, TOC, HCl, HF, SO<sub>2</sub>, CO og NO<sub>x</sub> i røygassen. I tillegg skal det vera minst ei måling kvar 6. måned av tungmetall og dioksin.

Verksemda manglar kontinuerleg måling av totalt støv, TOC, HCl, HF, SO<sub>2</sub> og NO<sub>x</sub> i pipa.

Istadenfor slike kontinuerlege målingar nyttar verksemda ekstern prøvetaking og analyse 2 gonger kvart år som underlag for rapportering til Klif.

#### *Målingar av utslepp til vatn frå røygassreinsing*

Det skal utførast daglege målingar av total mengd suspendert stoff, månedlege målingar av utslepp av tungmetall, og måling av dioksin minst kvar 6. måned.

Verksemda manglar daglege målingar av total mengd suspendert stoff.

## Avvik 2

### Verksemda sitt måleprogram er svært mangelfullt

**Avvik frå:** Løyvet punkt 13.1 Utslippskontroll, jf. punkt 6.1 Utslippsbegrensninger, og avfallsforskrifta kapittel 10, *Forbrenning av avfall, (forbrenningsforskrifta) § 10-20 Prosessovervåking og -kontroll, § 10-21 Målinger av utslipp til luft, og § 10-24 Målinger av utslipp til vann.*

#### Kommentar:

Måleprogram skal utarbeidast å inngå i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

Måleprogrammet skal skildra prøvetaking, analyse og/eller berekning, irekna:

- prøvetaking- og analysemetode
- val av måleperiodar
- berekningsmodellar og utsleppsfaktorar som vert nytta
- Vurdering av usikkerheit i målingane for rapporteringspliktige komponentar

Verksemda har eit måleprogram, men dette er svært mangelfullt og dekker ikkje krava i løyvet eller avfallsforskrifta kapittel 10.

#### *Utslepp til vatn frå kjemisk vassreinseanlegg*

- I måleprogrammet er det sett opp at det skal takast prøvar av olje, TOC, Cr, Ni, Cu, Zn, As, Mo, Cd, Tl, Sn, Ba, Hg, Pb, V og pH kvar veke. Dette er ikkje i samsvar med utsleppskravet som krev døgnmiddelprøvar.
- Verksemda har ikkje skildra usikkerheit i prøvetaking, målingar og berekningar for desse parameterane.

#### *Utslepp til vatn frå reinsing av røykgass*

- Utsleppsgrenser til vatn frå røykgassreinsing er relatert til at det vert nytta 250 L vatn/tonn forbrent avfall. Dersom faktisk mengde avløpsvatn per tonn forbrent avfall, bestemt for tidsrommet der målinga vert gjennomført, syner seg å vera større enn grenseverdien for normal mengd avløpsvann som i løyvet er sett til 250l/tonn forbrent avfall, skal resultat frå utsleppmålingane normaliserast i samsvar med formel i vedlegg VII til forbrenningsforskrifta. Måleprogrammet skildrar ikkje ei slik omrekning.
- Måleprogrammet skildrar prøvetaking av totalt suspendert stoff ein gong per måned. Det vert teke ein stikkprøve ein gong per måned. Dette er ikkje i samsvar med forbrenningsforskrifta som krev daglege målingar av suspendert stoff, målt som vassmengdeproporsjonale døgnblandprøvar (døgnmiddel). Det er også eit krav til løpande årsmiddel for suspendert stoff. Dette er ikkje skildra i måleprogrammet.
- Måleprogrammet skildrar prøvetaking av Cr, Ni, Cu, Zn, As, Cd, Tl, Hg og Pb ein gong per måned. Det vert teke ein stikkprøve ein gong per måned. Dette er ikkje i samsvar med forbrenningsforskrifta som krev at prøvane skal takast som døgnmiddel.
- Måleprogrammet skildrar prøvetaking av dioksin kvar 6. måned. Prøven vert teke som ein stikkprøve. Kravet i løyvet er at den skal takast som eit døgnmiddel.
- Det er krav i forbrenningsforskrifta til kontinuerlig måling av vassmengd frå reinsing av røykgass. Verksemda skildrar dette i måleprogrammet, men har ikkje vassmengdemålar på denne avløpsstraumen.

- Verksemda dokumenterer ikkje representativ prøvetaking av avløpsvatnet frå reinsing av røykgassen og skildrar ikkje usikkerheit ved prøvetaking, analysar eller berekningar.

#### *Utslepp til luft frå forbrenningsanlegg*

- Løyvet krev at alle utsleppsmålingar skal standardiserast til 11 % oksygen. Denne omrekninga er ikkje skildra i måleprogrammet.
- Verksemda har installert ein gassmengdemålar i pipa, men måleprogrammet skildrar ikkje kontinuerlig måling av gassmengda.
- Avfallsforskrifta kapittel 10 krev kontinuerlig måling av oksygenkonsentrasjon, trykk, temperatur og vassdampinnhald i røykgassen. Måleprogrammet omtalar berre måling av vassdampinnhald ein gong kvar 6. månad.
- Forbrenningsforskrifta krev også kontinuerlege målingar av totalt støv, TOC, HCl, HF, SO<sub>2</sub>, NO<sub>x</sub> og CO:
  - Verksemda måler CO kontinuerlig, men nyttar ikkje resultata til rapportering.
  - Måleprogrammet skildrar ikkje kontinuerleg måling av TOC, HCl, HF, SO<sub>2</sub>, eller NO<sub>x</sub>.
- Måleprogrammet skildrar ikkje at utsleppsparameterar skal uttrykkast som høvesvis halvtimemiddelverdiar og døgnmiddelverdiar for totalt støv, totalt organisk karbon (TOC), HCl, HF, SO<sub>2</sub>, og NO<sub>x</sub>.
- Måleprogrammet skildrar ikkje at utsleppet av CO skal uttrykkast som timesmiddelverdi.
- Måleprogrammet skildrar ikkje representativ prøvetaking av utsleppet til luft frå røykgassen og skildrar ikkje usikkerheit ved prøvetaking, analysar eller berekningar.

### **Avvik 3**

#### **Forbrenningsanlegget vert drive utan at alle krav til forbrenningsbetingelsar er oppfylt**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta kapittel 10, § 10-7 *Forbrenningsbetingelser*, og vedlegg IX til same forskrift.

#### *Kommentar:*

Forbrenningsanlegg skal utformast, byggast og drivast på ein slik måte at krava til temperatur, opphaldstid, støttebrennar og innmating av avfall i vedlegg IX til forbrenningsforskrifta vert overhalde.

#### *Temperatur i forbrenningsovn*

Verksemda kunne under tilsynet ikkje dokumentera innhaldet av halogenerte forbindelsar, uttrykt som klor (Cl), i det farlege avfallet dei brenn. Dette er avgjerande for kva temperatur forbrenningsovnen må ha.

#### *Støttebrennar*

Avfallsforbrenningsanlegg skal ha minst ein støttebrennar som slår seg på automatisk om temperaturen i forbrenningsgassen, etter siste innblåsing av forbrenningsluft, synk under 850 °C/ 1100 °C.

Verksemda har ein støttebrennar, men den slår ikkje automatisk inn ved temperaturfall.

Det vert nytta farleg avfall (dekantert olje frå det farleg avfallet som er motteke) som brensel på støttebrennaren. Under tilsynet kunne verksemda ikkje dokumentera at dette brenselet ikkje gjev høgare utslepp enn forbrenning av gassolje, flytende gass eller naturgass slik forskrifta krev.

#### *Innmating av avfall*

Forbrenningsanlegg skal ha eit system som hindrar at avfall vert mata inn i ovnen:

- dersom temperaturen fell under 850 °C/1100 °C
- ved oppkøyring av anlegget før temperaturen er 850 °C /1100 °C
- når dei kontinuerlige målingane syner at fastsette utsleppsgrenser vert overskredde

Verksemda opplyste under tilsynet at den ikkje nyttar slike automatiske sperrer, men at det skal vera rå å gjera det ved dette anlegget.

#### **Avvik 4**

##### **Verksemda slepp ut farleg avfall frå vaskehall utan reinsing**

**Avvik frå:** Løyve frå Klif punkt 3.2 behandlingmåtar, Forurensningslova 7 1. ledd. Plikt til å unngå forurensning.

#### **Kommentar:**

I samsvar med løyvet punkt 3.2 skal hydrokarbon/kjemikaliehaldig vatn reinsast i kjemisk og/eller biologisk reinseanlegg.

Etter at skippar med kaks er tømt, vert dei spylt for restar i ein vaskehall. Avløpsvatnet frå vaskinga vert samla opp i ei renne inne i hallen. Botnfallet i denne renna vert med jamne mellomrom flytta inn i lagertank 2. Det overskytande vatnet som er forureina av hydrokarbon og kjemikalier, vert ikkje ført til kjemisk og/eller biologisk reinseanlegg, men renn via to oljeutskillarar til sjø.

#### **Avvik 5**

##### **Verksemda si lagring av farleg avfall er mangelfull**

**Avvik frå:** Løyve frå Klif punkt 3.3 *lagringstid* og 3.4 *lagring av farlig avfall*

#### **Kommentar:**

Farleg avfall skal lagrast på ein slik måte at det ikkje oppstår forureining. Lagra farleg avfall skal til alle tider ha tilstrekkeleg tilsyn og som eit minimum skal krava i punkt 3.4 i løyvet vera oppfylt. Motteke farleg avfall skal ikkje lagrast lengre enn 18 månadar.

#### *Oppsamlingsbasseng og overflyllingsvarsel*

Verksemda har berre delvis oppsamlingsbasseng for tankane 1-4. Dei fire tankane er ikkje sikra med oppsamlingsbasseng mot vest. Tankane er opne, og det er ikkje montert overflyllingsvarsel.

Verksemda manglar også overflyllingsvarsel på tankane 12, 16 og 42-45.



### *Lagring på område som ikkje er tilstrekkeleg sikra mot utslepp*

Det vart under tilsynet opplyst at verksemda til tider mellomlagrar kaksskippar ved lossing av båt på område som ikkje har fast dekke. Dette gjeld ein gruslagt plass nedanfor tankane 5 til 9.

Det manglar tett dekke mellom betongplate og reinseanleggshuset. Under tilsynet stod skippar lagra heilt ut på kanten av det tette faste dekket. Dersom det skjer eit uhell, vil avfallet kunna renna utanfor det sikre området.

Langs kanten av området med tett fast dekke er kanten delvis øydelagt. Dette gjer at eventuelt søl og utslepp vil kunna renna ut på område utan fast dekke.

Under tilsynet vart det avdekka at ventil i dreneringsrøyr stod open i tre ringmurar i lagerområdet:

- for mottak av slop/pumpbart oljehaldig avfall
- for C-veske
- under forbrenningsanlegget

Verksemda retta opp dette med ein gong.

### *Kart over lagra farlig avfall*

Verksemda manglar komplett kart som syner kvar ulike typar farleg avfall er lagra.

### *Sikring mot tilkomst for uvedkomande*

Verksemda si sikring av anleggsområdet kan forbeistrast. Porten inn til anlegget stod open heile døgnet. Verksemda opplyste at dei vurderar å installera ein telefonstyrt bom.

### *Elektronisk system for registrering av farleg avfall*

Løyvet krev at verksemda skal ha eit elektronisk system for registrering av farleg avfall slik at verksemda heile tida har oversikt over sitt lager. Det vart under tilsynet opplyst at avfallet vert loggført kvar dag, men at det berre ei gong kvar veke vert lagt inn i elektronisk system (excel).

### *Dokumentasjon på gjennomstrøyming*

Verksemda opplyser at avfallet ikkje vert lagra lengre enn 18 månadar, men dette kan ikkje dokumenterast.

## **Avvik 6**

### **Verksemda si miljørisikoanalyse er mangelfull**

**Avvik frå:** Løyvet punkt 12.1 Miljørisikoanalyse og punkt 12.2 Forebyggende tiltak, og forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 2. ledd punkt 6

### **Kommentar:**

I samsvar med løyvet punkt 12.1 og 12.2, og internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 6 skal det gjennomførast miljørisikoanalyse av verksemda. Miljørisikoanalysa skal dokumenterast og omfatta alle forhold ved verksemda som kan medføra forureining med fare for helse- og miljøskader. På basis av miljørisikoanalysa skal verksemda setta i verk risikoreduserande

tiltak. Både sannsynlegheits- og konsekvensreducerande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka med fristar og ansvarsfordeling.

Verksemda har utarbeidd nokre enkeltståande analyser av ulike hendingar som kan føra til utslepp til ytre miljø. I tillegg har Multiconsult utarbeidd to større miljørisikoanalyser:

- miljøtekniske undersøkingar på sjø – Risikovurdering av forureiningsbidrag frå hamneverksemda (datert 15. november 2010)
- miljørisikoanalyse av mottaksanlegg for boreavfall (datert 30. november 2010)

Analysa datert 30. november 2010 inneheld ein handlingsplan med forslag til risikoreducerande tiltak. Oppfylgjing av handlingsplanen kan ikkje dokumenterast.

Sjølv om det er utarbeidd fleire risikoanalyser, er ikkje desse dekkjande for heile drifta til Wergeland Halsvik AS. Verksemda kunne under tilsynet til dømes ikkje leggja fram dokumenterte risikovurderingar for:

- det kjemiske reinseanlegget
- vurdering av risiko for overutslepp til luft frå forbrenningsanlegget
- faren for overfylling av tankane 1 til 4
- mellomlagring av farleg avfall på området utan tett, fast dekke
- fylling av kjemikalier på feil tank (lut på tank for jernklorid og omvendt)
- plassering av tankar for lut og jern i same rom
- plassering av luttank utan oppsamlingsbasseng i brenneri

Verksemda har ei rutine for oppdatering av risikoanalyser, men den kan forbeistrast. Mellom anna er det ikkje sett kriteriar for når den skal oppdaterast.

## **Avvik 7**

### **Førebyggjande vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr er ikkje dokumentert i ein vedlikehaldsplan eller på annan måte i verksemda sin internkontroll**

**Avvik frå:** Løyve frå Klif punkt 2.9 Plikt til førebyggjande vedlikehald

#### **Kommentar:**

I samsvar med løyve punkt 2.9 skal verksemda dokumentera at det vert utført førebyggjande vedlikehald på alt utstyr som kan ha utsleppsmessig verdi.

#### *Dokumentert vedlikehaldsplan*

Verksemda manglar ein overordna vedlikehaldsplan som skildrar det førebyggjande vedlikehaldet. Noko av utstyret som kan ha verdi for utslepp er heller ikkje omfatta av det førebyggjande vedlikehaldet:

- gassmengdemålar i forbrenningsanlegg
- rørgater
- pumper
- slange på kai

## **Avvik 8**

### **Verksemnda sin internkontroll er mangelfull**

**Avvik frå:** Løyve punkt 2.8 Krav til kompetanse og Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 1 og 2

#### **Kommentar:**

##### *Krav til kompetanse*

I samsvar med løyvet skal alle som handterer farleg avfall i verksemnda ha dokumentert opplæring i slik handtering. Verksemnda kan ikkje dokumentera at slik opplæring er gjeven.

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 1 skal verksemnda ha oversikt over dei krav som er særskilt viktige for verksemnda. Under revisjonen kom det fram at verksemnda ikkje har oversikt over krav til forbrenningsbetingelsar, måle- og utsleppskrav som er skildra i løyvet og avfallsforskrifta kapittel 10. For eit forbrenningsanlegg av farleg avfall er dei krav frå myndigheitene som er sett i løyvet og forureiningsforskrifta særskilt viktige.

## **8. Merknadar**

### **Merknad 1**

#### **Verksemnda si rapportering til Klif kan forbeistrast**

#### **Kommentar:**

I eigenrapporten for 2011 er det rapportert fleire feilaktige utsleppstal. Verksemnda bør forbetra kvalitetssikringa av data som vert sendt inn. Til dømes er dioksinutsleppet rapportert med feil eining, og i fleire tabellar er talverdi-middels og talverdi-høgast like.

## **9. Andre høve**

### **Overutslepp av nikkell og barium i 2011**

Verksemnda har for 2011 rapportert eit totalt utslepp på 7,28 kg nikkell i egenrapporten. Grensa i løyvet er 5 kg/år. Verksemnda opplyser at årsaka til dette er at nikkelet er løyst og vanskeleg å felle. Verksemnda har søkt om endra utsleppsgrense for nikkell, og grensene skal samkøyrast med andre løyve.

Verksemnda har for 2011 rapportert eit totalt utslepp på 65,13 kg barium. Grensa i løyvet er 50 kg/år. Verksemnda opplyser at ein no har utsleppet av barium under kontroll, og at dette ikkje lenger er eit problem. Verksemnda har søkt om endra utsleppsgrense for barium, og grensene skal samkøyrast med andre løyve.

### **Biologisk reinseanlegg**

Verksemnda har bygd eit nytt reinseanlegg for å reinsa vatnet i avfallet dei mottok. Anlegget består av ein kjemisk del (musling-anlegg) og ein biologisk del. Vatnet vert fyrst køyrt

igjennom det kjemiske anlegget, deretter via det biologiske anlegget, og til slutt via eit utfellingstrinn i det kjemiske anlegget før det går til sjø.

Under tilsynet var det kraftig skumming i det biologiske anlegget som består av to tankar, og det verkar som om opphaldstida i anlegget er noko kort. Sjølv om innhaldet av TOC i avløpsvatnet no stort sett er under kravet i løyvet, er det framleis periodar der belastninga er for stor, og grensa vert broten. Dette sjølv om vatnet vert køyrt to gonger igjennom det biologiske reinseanlegget. Dette kan tyde på at opphaldstida i det biologiske anlegget til tider er for kort.

### **Eksport av avfall**

Verksemda opplyste under tilsynet at dei ikkje eksporterar eller importerar avfall.

### **Mottakskontroll av skip til kai**

Under tilsynet ved Wergeland Halsvik kom skipet Far Searcher (imo-nummer: 9388950) for å lossa 200 m<sup>3</sup> tynnslop frå riggen West Venture. Riggen borar på Trollfeltet for Statoil. Det vart teke prøve av lasta ved lossing. Prøven er sendt til analyse av Klif.

## **10. Gjennomføring**

Revisjonen omfatta fylgjande aktivitetar:

- Formøte 12. april 2012: Førebuaende møte for å planlegga revisjonen
- Opningsmøte 4. juni 2012: Informasjon frå Klima- og forureiningsdirektoratet om gjennomføringa av revisjonen, informasjon frå verksemda, gjennomgang av tidsplan
- Intervju og verifikasjonar 4. – 8. juni 2012.
  - 5 personer vart intervjua
  - Synfaringar til fylgjande stadar
    - Kaianlegg
    - Mottaksanlegg for slop
    - Lagringsområde for farleg avfall (kaksskippar)
    - Lagertankar for slop og kaks
    - Vaskeanlegg for kaksskippar
    - Forbrenningsanlegg
    - område for oljeutskillar, sandfang og septiktank
- Avsluttande møte 8. juni 2012: Oppsummering med presentasjon av resultat.

I vedlegg 1 har me satt opp ei oversikt over deltakarane på revisjonen.

## **11. Dokumentunderlag**

Dokumentunderlaget for kontrollen var:

- aktuelle lover og forskrifter
- korrespondanse mellom verksemda og Klima- og forureiningsdirektoratet
- verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta og til høve av verdi for helse/miljø/sikkerheit
- Utsleppsløyve frå Klima- og forureiningsdirektoratet

I vedlegg 2 har me sett opp ei liste over dokument som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen.

## VEDLEGG 1

### Deltakarar ved Klima- og forureiningsdirektoratet sin revisjon ved Wergeland Halsvik AS, 4. – 8. juni 2012

I tabellen under har me sett opp ei oversikt over funksjonane til dei personane som deltok under formøtet, opningsmøtet og det avsluttande møtet. Intervjua er også med i tabellen.

Funksjon	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Driftsleiar reinseanlegg		X	X	X
Dagleg leiar		X	X	X
KHMS-leiar		X	X	X
KHMS-koordinator		X	X	X
Driftsleiar produksjon		X	X	X
Ass konsernsjef				X
Konsernsjef				X

#### Klima- og forureiningsdirektoratet si revisjonsgruppe:

Arnstein Flatlandsmo, revisjonsleder

Hilde Sundt Skålevåg, revisor

Thor Jostein Dahlstrøm, revisor

## VEDLEGG 2

### **Dokumentunderlag for Klima- og forureiningsdirektoratet sin revisjon ved Wergeland Halsvik AS, 4. – 8. juni 2012**

Nedanfor har me sett opp ei liste over dokument som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen, og som går utover lover, føreskrifter og liknande (til dømes frå verksemda si prosedyresamling):

- Organisasjonskart for verksemda
- Funksjons- og stillingsbeskriving for aktuelt personell
- Oversikt over IK-system
- Måleprogram for utslepp til luft og vatn, samt deponi
- Resultat frå utsleppsmålingar i 2011
- Oversikt over plassering av utsleppspunkt
- Kart over området med lagerområde/tankoversikt
- Reinseanlegg: flytskjema
- Kompetansematrise
- Rapportar frå interne revisjonar
- Oppdaterte risikovurderingar med handlingsplan
- Avvikslogg for 2011
- Agenda og referat frå leiinga sin gjennomgang frå 2010 og 2011
- Kopi av nokre deklarasjonsskjema for farleg avfall
- Rutinar og rapportar for tankvedlikehald
- Rutinar for drift av reinseanlegg
- Rutinar for mottakskontroll
- Rutinar for drift av forbrenningsovn
- Rutinar for utarbeiding av risikovurderingar
- Samsvarsvurdering 2011
- Vedlikehaldssystem oljeutskillar
- Kalibreringslogg for vassmengdemålar (ut frå RA)
- Logg over mengde avfall
- Oversikt over avfallsmengder for 2011
- Mottaksjournal avfall over kai
- Lageroversikt 2010-2012
- Plan for vedlikehald av tankar
- Kriteriar for tjukkelsesmåling av tankar (med akseptkriteriar)